

Vestland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Epost: [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

Bergen, 22.03.2021

## **Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyring og offentlig ettersyn av regional plan – REF 2020/ 74003**

Vi viser til plandokument som er utsendt på høyring og har fylgjande innspel til planen:

Havbruksnæringa er svært viktig for heile Vestland fylke, og bærekraftig verdiskaping er grunnlaget for næringa sin eksistens og utvikling.

Det er viktig at næringa sine behov vert ivaretekne i planen, og vi vil særleg nemna tre satsingsområder i planen som samsvarar med havbruksnæringa sine mål:

**Grøn næringsutvikling.** Produksjon og næringsaktivitet skal utvikast i ei retning som er meir bærekraftig for miljø og klima, i tråd med FN sine bærekraftsmål.

- Sjømat Norge har utarbeidd eit strategidokument, [Sjømat 2030](#), som er svært relevant i denne samanheng.
- Sjømatnæringa er klimavennleg matproduksjon med store oppskaleringmuligheter og gode vekstmuligheter, under føresetnad av god forvaltning.

**Innovative og inkluderande samfunn.** Sjømatnæringa skapar arbeidsplassar langs kysten med stor kompetansebreidde. Bedriftene er viktige aktørar i lokalsamfunna, og kan gje ytterlegare bidrag.

**Areal til næringsutvikling.** Sjømatnæringa, og spesielt havbruk, treng tilgang på gode lokalitetar for optimal produksjon. Det vil i seg sjølv kunne gje eit lavare fotavtrykk. Det er relevant også fordi vi i framtida vil ha dyrking av nye artar som alger, tang, tare og oppdrett av andre artar enn laks og ørret.

Kva er viktig for oss:

- **Areal og sameksistens.** Dette er av stor betydning, både for vekst og optimalisering av dagens verksemd.
- **Rekruttering.** Nylig gjennomført undersøkjing i regi av «Springbrettet» viser at tre av fire studentar er interessert i ein karrierevei innan sjømat og hav,
- **Bergen som sjømathovedstad.** Det er svært viktig å styrke satsing på sjømat som kompetansenæring.

### **Nøkkelmoment frå siste ringvirkningsrapport for Vestland.**

- Vestland er det nest største fylket målt i antall sysselsette i direkte sjømatrelatert verksemd, berre Møre og Romsdal har fleire.
- Sjømatnæringa sysselset 15 000 i Vestland fylke.
- Direkte og indirekte verdiskaping frå sjømatnæringa i 2019 var på heile 20,9 milliarder kroner.
- Sjømatnæringa og dei tilgrensande næringer i fylket betaler årleg 5,3 milliarder kroner i skatt.

**Teknologiutviklinga er svært stor i sjømathovedstaden Bergen,** som målt etter omsetning er Norges viktigaste sjømatkommune.

- Sysselsettingseffekten er sterkast på Vestlandet
- Sjømatnæringa skapar arbeidsplassar som sikrar velferden vår. I ei tid der fleire andre viktige industrier nedbemanner og permitterer, viser rapporten at ingen andre næringer har vore i tilsvarende vekst som sjømatnæringa.
- Verdiskaping per sysselsatt i sjømatnæringa er i snitt på 2 millionar NOK/år, og nær dobbelt så høg som gjennomsnittet av norske fastlandsnæringar.
- Medan dei samla investeringar i sjømatsektor i 2004 var like over 4 milliarder kroner, hadde dei i 2018 vakse til over 35 milliarder kroner. Denne høge vekstraten har særleg vore drevet av stor vekst i akvakulturinvesteringar som har gått fra 670 millioner kroner i 2004 til nesten 14 milliarder kroner i 2018.

Planen samsvarer i utgangspunktet med det vi synes er viktig, og vi ber om at det vi har peika på vert brukt i samband med operasjonalisering av måla i planen. Planen har ei tidsramme på 12 år, og det må sjølvsagt vera grunnlag for nødvendige justeringar i perioden.

Eit viktig spørsmål vert stilt frå fylkeskommunen om korleis planen kan bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk

Frå sjømatnæringa si side er oppleving i dag at dei ulike sektorstyresmaktene er så fokuserte på eigne sektorinteresser at samordningsperspektivet vert forsømt. Mangelen på evne til løysingsorientert sektorsamarbeid og kompromisser for å skapa muligheter er påfallande og eit av dei største problema for vår næringsverksemd i dag. Det bør vera ei høgt prioritert oppgåve å bygga ned desse barrierane.

Når det gjeld oppfølging av planen og arbeidet med rullering av planen er det viktig at næringsaktørar og – organisasjonar vert tekne med i arbeidet og Sjømat Norge deltar gjerne i dette arbeidet.

Med helsing  
Sjømat Norge

Hans Inge Algrøy  
regionsjef